



HERLEG SNØ Milovic frå Serbia og Edvardo frå Spania i snøleik ved vatnet mellom Eidsdalen og Geiranger. Foto: Privat

UFO i aktivitetstopp

I haust vart ungdomsfri-tidsordninga (UFO) i Brattvåg trekt ut til å vere eit av om lag 100 utvekslingsprosjekt i Noreg som skal vere rollemodell for andre ungdomsorganisasjonar.

I fjor skreiv aktivitetsleiar Tove Laila Bjerke, saman med to leiarar frå Serbia og Kviterussland eit utvekslingsprosjekt. Dette blei godkjent av Aktiv ungdom og blei gjennomført i haustferien i fjor. Aktiv Ungdom er EU

sitt ungdomsprogram for ikkje-formell læring. I Noreg blir det kvart år plukka ut om lag 15 prosjekt av 100 som mottok støtte for å gjennomføre prosjekta. Prosjektet til UFO vart eit av desse. Totalt presenterast om lag 450 Aktiv Ungdomsprosjekt årleg, frå 33 land.

- Dette betyr veldig mykje for oss. Mellom anna blir desse utvekslingsprosjekta settja i ein «idébank» slik at andre ungdomsorganisasjonar i Europa kan nytte det som inspirasjon, seier Bjerke.

Evaluering

Når ein skriv eit slikt utvekslingsprosjekt skal ein skrive formålet med utvekslinga. I fjor var temaet europeisk medborgarskap og demokrati. Så gjennomfører ein prosjektet før ein skriv ein rapport om korleis det vart utført. Deltakarane i prosjektet skal også evaluere opplevinga av utvekslinga.

- Utfallet av ei utveksling ligg i både godt forarbeid, gjennomføring og evaluering, men mykje avhenger av at dei unge er aktive, seier Bjerke. I haustferien i fjor kom 21 utanlandske

ungdom til Noreg for å delta i prosjektet. Fem land var involvert. Montenegro, Serbia, Spania, Kviterussland og Noreg.

Workshop

Dei budde ute på Fjørtoft skule og reiste inn til UFO i Brattvåg for å ha workshop med teater, musikk og uttrykking i slagord og diskusjonar. I snitt budde det 30 ungdom på Fjørtoftskulen, både norske og dei frå utvekslinga. Politikarane var også involvert, slik at ungdommane fekk innsikt i det norske systemet. Ungdommane måtte også

lære av kvarandre sine system og demokratiske prosessar.

- Ei slik utveksling er i hovudsak basert på å lære av kvarandre, ikkje berre av ein, seier Bjerke. Alle som var involvert i prosjektet var veldig interessert og engasjert i det som skjedde under utvekslinga. Utan dette hadde ikkje utvekslinga vore det same.

ROLF ESPEN FURNES
rolf.furnes@haramsnytt.no